

Rauland Sokn  
Vinjevegen 190  
3890 VINJE

Dato: 22.05.2025  
Vår referanse: 2025/1424-2  
Sakshandsamar: Åge Verpe

## Referat etter synfaring Rauland Kyrkjegard

Vinje kommune ved Kjetil Vaagen og Åge Verpe var på synfaring med leiar av Rauland Sokn Wenja Rui og Kyrkjevevje i Vinje Kjell Magne Grave samt kyrkjetenar Espen Jensen. Bakgrunnen for møte og synfaring var ynskje frå soknet om å planlegge for ein framtidig minnelund og urnelund i tilknytning til kyrkjegarden.

Det er nokon gonger ynskje om kremasjon i staden for gravlegging. I meir urbane strøk er dette vanleg men og i Vinje får Kyrkjevevja henvendelsar om kremasjon. Kremasjon er i tillegg meir arealbesparande enn ordinære graver. Fleire stader er det og lagt til rette for minnelund der graver som er eldre enn festetida kan avviklast og avdøyde kan få navnet sitt på plate i minnelunden. Gamle graver vil då kunne frigjevast og nyttast om att i staden for at nytt areal må takast i bruk til nye graver. Denne ordninga er og ynskja frå fleire etterkomarar som kan tenke seg å avslutte festetilhøve på gamle graver men samstundes ha navnet på avdøyde på ei minneplate.

Synfaringa og møte konkludera med at det kan vere fleire egna stader for etablering av minnelund og urnelund i tilknytning til kyrkjegarden. Det vart semje om å kontakte ein gravplassrådgjevar for utarbeiding av eit forprosjekt med forslag til plassering, trong for opparbeiding, avklaring av søknader og undersøkingar av grunn og kulturminne, grunneigartilhøve samt kostnader for gjennomføring av prosjektet.

Kostnader for å lyse ut etter ein rådgjevar blir vurdert om skal leggjast inn i budsjettrevisjon 1. tertial 2025. Alternativt kan tiltaket leggjast in som forslag til budsjett i 2026. Det må og avklarast nærare om tiltaket skal gjennomførast i sin heilskap av fellelrådet eller kommunen. Finansiering blir uansett over kommunebudsjettet.

I samband med synfaringa kom det fram ynskje om å erverve noko meir areal i tilknytning til kyrkjegarden, nord for parkeringsplassen samt langs tilkomstvegen frå fylkesvegen. Bakgrunnen for dette er mellom sikring av naudsynt tilleggsareal i framtida og ha ei buffersone mot tilgrensande eigedomar og aktivitetar. Ansvar for framdrift på eigedomsserverv ligg i hovudsak på kyrkjevevja som då kallar inn TDI ved Kjetil Vaagen og ordførar for vidare drøfting og kontakt mot tilgrensande grunneigarar. Vurdering av finansiering skjer i budsjettmøte 1. tertial i juni 2025.

Med helsing

Åge Verpe

*kommunalsjef*

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Mottakarar:  
Rauland Sokn

Kopi til:  
VINJE KYRKJELEGE FELLESRÅD  
Jan Myrekrok  
Kjetil Midtgarden Vaagen  
Ingrid Sudbø Tveito